

Notat

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Kopi:

Arkivsak
17/3777

Arkivkode
151

Dato
11.10.2017

Sak: ØP-notat 2/17.
Budsjett 2018, økonomiplan og planleggingsprogram 2018-21.

Status i budsjettarbeidet

Budsjettføresetnadane for 2017 inkl ØP-vurderingane, utviklinga i 2017- sist oppsummert i T2 og no sist i framlegg til kommuneopplegg i statsbudsjettet av 12.10 ligg til grunn for framskriving i dette notatet.

Kommuneopplegget i statsbudsjettet:

Økonomi:

Med ein deflator prognosert til 2,6% og ein auke i dei frie inntektene til Luster på 2,0% så vil det ikkje vere dekning fullt ut for kostnadsauken gitt noverande drift og neste år. Dette er det store og enkle bilde og så vil det vere mange faktorar som korrigerer både opp og ned. Framlegget er likevel svakt betre enn det me har lagt inn i økonomiplanen. Det har samanheng med endra kriterie (PU o/16 og demografi.) som gjer at tapskompensasjonsordninga, INGAR, ikkje lenger påverkar dei frie inntektene.

Oppgåver/regelverk:

Om ein ser vekk frå at kommunen skal få plikt/rett til å vigsle par så er det ikkje oppgåveendringar å nemne.

Det er heller ikkje vesentlege endringar i regelverk.

Likevel, innan barnehage så er teljemåte og pedagognorm via forskrift regulert. Det vil krevja både auka plass og økonomi. Det er lagt opp til at maksimalprisen på foreldrebetaling kan aukast med 100 kr pr mnd. (2730,- + deflator 2,6% =70,- + 110 kr = 2910,-, makspris 2018.) Den meirinntekta dette kan gi kommunane er trekt ut av rammetilskotet. (3-400.000)

Det er lagt inn kompensasjon for utviding av pedagogtilbodet i statsbudsjettet, men det er ikkje semje mellom regjeringa og KS kva dette vil koste. Framdriftsplan i endringa lokalt må drøftast.

Avlasterdommen: ???(skal sjekkast nærare, ev konsekvensar..)

«Bestillarbrevet» til kommunane peikar i år som fjor på; Rus og psykiatri, tidleg innsats, barn og unge, folkehelse, førebyggjande, helsestasjon og etter og vidarutdanning i

grunnskulen - me er «rimeleg gode», og rådmann ser ikkje at me vert pålagde ytterlegare satsing – for nærare politisk drøfting...

Når det gjeld ressurskrevjande brukarar, så er innslagspunktet for når statstilskot kjem inn auka med 50.000 pr brukar. Dette er meir enn deflator og aukar den kommunale eigendelen med.....

Regjeringa føreset verknad av effektivisering, ytterlegare satsing på digitalisering mv...

Eigedomsskatt. Føreslegne endringar på eigedomsskatt er i sum negative, men ikkje dramatiske for oss. Kraftanlegg både store og små er i utgangspunktet haldne utanfor endringane.

Auke i grunnrenteskatten vil i utgangspunktet redusere grunnlaget for eigedomsskatten vår og gi ein mindre reduksjon. (veit ikkje kor mykje, men avgrensa.) Endringar når det gjeld skattlegging av kraftlinjer vil gi oss eit tap. (1 mill ?)

Det at produksjonslinjene eksempelvis hjå NTP, Digital etikett og Fjordglas ikkje lenger skal skattleggjast vil og gi oss eit tap, men småe beløp då her er svært låge takstar. Desse bedriftene som i dag er skattlagde hjå oss vil ev gå inn i kategorien næringsseigedommar og bli skattlagde der, basert på «verdi av bygning.» (om me utvidar ordning.)

Den utvidinga av ES som me planlegg kan gå relativt uendra grunna at lovendringar først skal skje frå 2019. Det betyr at me kan starte på 2 promille om me ynskjer. Frå 2019 er det ikkje høve til å starte med meir enn 1 promille.

I 2019 kan me berre auke med 1 promille og ikkje som tidlegare 2 promille.

Oversyn over ES for dei store kraftverka, for 2018, er ikkje motteke, men kjem i desse dagar.

Reduksjon i driftsrammene - Innstrammingsarbeidet.

ØP legg opp til reduksjon på netto 6,5 mill til fordeling på driftsområda/rammeområda. Dette vil vere eit minimum av det som trengs for at ikkje dei økonomiske utfordringane skal auke. Det analyse og kartleggingsarbeidet som me har arbeidd med syner at dette ikkje er noko enkelt arbeid. Dei «enkle» grepa er gjorde i siste øp-perioden. Det syner seg at bindingar og forpliktelsar er store og i tillegg er det og politiske prioriteringar som hindrar gjennomføring av tiltak.

Utgiftsutviklinga i 2017 er ikkje urovekkande. Fleire av tilleggga, jf T1 og T2, er av eingongs karakter eller har ei grei rammefinansiering. (eks statstilskot.) Ressurskrevjande teneste og husleigeinntekter er dei områda som vil krevja 2-3 mill ekstra i 2018.

Inntektsutviklinga i 2017, brukarbetaling mv., er positiv på fleire område slik at oppjustering her vil gi noko innsparing på netto ramme på nokre område. Det vert lagt opp til 3% regulering der det ikkje er spesielle forhold som spelar inn.

-Helse. Analysearbeidet/djupdykk nærmar seg fullføring. I Kostrasamanlikning skal psykiatritilbodet reknast som omsorgstilbod. Det er litt beklageleg at ikkje dette kom fram i hovudanalysen av Kostra då det representerar ein relativt stor del av meirforbruket Luster har i høve dei kommunane me samanlikna oss med i den overordna Kostraanalysen. Me ventar til analysen ligg føre før me oppsummerar med budsjettamme for -18 og øp.

-Administrasjonen. Analysearbeid/djupdykk nærmar seg fullføring. Me har relativt høge kostnader, men deler av dette er feilregistreringar og stab/støtte for å samordne og koordinere omfattande tenester og tilbod. Arbeidet med å ta ned ressursbruken i administrasjonen pågår.

-Utviding av Eigedomskatteordninga. Me er no klar for å inngå avtale omkring takseringsarbeidet.

-Skulestruktur. Her har ikkje vore gjort oppfølgande arbeid på saka. Dersom me ikkje ser at det kan gjerast større reduksjonar innan tilbodet på spesialpedagogisk undervisning så vert det svært krevjande å ta ned ramma med 2,5 million kroner.

Finans- og lokale inntekter. Desse er i 2017 vesentleg høgare enn i budsjettet. Noko av det må sjåast på som ekstraordinært, men i og med at ein og her har bufferfond så vil det vere grunnlag for å budsjettere desse noko opp i kommande øp-periode.

Digitalisering. Ei innstramming i administrative utgifter bør følgjast opp med ei satsing på digitalisering. Dette gjeld vidare satsing i interne opplegg og i dialogen eksternt/innbyggerane. Også nasjonalt vert det no satsa digitalt inn mot kommunesektoren. Kvar kommune er utfordra på å betale 20 kr pr innb. i eit større prosjekt med vekt på fellesløyser. Me har vidare større arkivmateriale som bør digitaliserast og.....

Nokre konkrete saker å ta stilling til:

Suppleringsopptak barnehage:

Kommunen si noverande ordning går utover det nasjonale kravet omkring rett til barnehageplass. Dette gjeld først og fremst ordninga med suppleringsopptak/«løpande» opptak og også i noko mon det å tilby plass i nærkrinsen.

Med endringar i nasjonalt regelverk, stort kull og krevjande økonomiske rammer vert spørsmålet aktualisert frå januar-18.

Endringar i nasjonalt regelverk: Me får ikkje lenger «telje om i januar/pr halvår – små barn er små heile barnehageåret. Dette har tidlegare frigjort plassar for suppleringsopptak på nyåret. Endra bemanningsnorm, for oss pedagognorm, vil påverke budsjettet generelt pårekneleg frå august-18.

Innanfor eksisterande areal og bemanning vil det vere plass for.....

Auka bemanning.....

Tilleggsareal.....

Sogn Barnevern, SBV:

Oppsummeringsmøte syner ok utvikling i forbetningsarbeidet. Framlegg om å utvide tal fagstillingar frå 11,7 til 13 fagstillingar. Ikkje utvida budsjetttramme, men omfordeling.

Frisklivsentralen:

Det er her meldt to endringar. Leikanger kommune har meldt seg ut av samarbeidet. Etter samråd er det framlegg om at Sogndal utvidar sin del frå 42,5 till 55% og Luster utvidar sin del frå 42,5 til 45%. Det er og slik at bemanning vert endra frå 100% fysioterapeut til 60% fysio. Dette reduserar for 2018 statstilskotet frå Helfio. I sum betyr det at driftstilskot frå Luster aukar med 110.000 til kr.560.000 inkl deflatorjustering.

Sogn Kulturskule:

Utviklingsarbeidet i Sogn Kulturskule, m.a. etter vedtak i kommunestyret i Luster, vert det arbeid aktivt med. Det er positiv utvikling i saka om undervisningsstadar og samarbeid med grunnskulen. Sak om å ivareta/støtte betre opp om folkemusikken har vore teke opp til drøfting etter initiativ frå Luster. Eit alternativ vil vere å søke å etablere ein distriktsmusikarstilling på folkemusikk tilknytta Sogn Kulturskule. Fylkeskommunen er positiv til ei slik ordning og det er gjerne den ordninga som vil forankre dette på den beste måten. Eit avgrensa undervisningstilbod i Sogn Kulturskule vil vere eit anna alternativ. For 2018..... heilårsverknad frå 2019.....

SBR..

Ny stilling på førebyggjande område ??

Oppfølging av kompetansekrav

Utvida investeringsprogram ??

SIMAS..

Korleis påverkar konkurransen i Reno Norden?

.....

Jarle Skartun
rådmann